



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

14/4332-2

24.06.2014

Informasjon om nytt distriktpolitisk virkeområde og ny forskrift om virkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte og regional transportstøtte

Vi viser til brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 3.3.2014 med informasjon om nytt virkeområde for distriktsretta investeringsstøtte som vil gjelde frå 1. juli 2014 - 31. desember 2020. Som følgje av nytt virkeområde for distriktsretta investeringsstøtte, har Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjort endringar i det distriktpolitiske virkeområdet. I dette brevet vil KMD gjere greie for endringane i det distriktpolitiske virkeområdet med fokus på endringar i sone II.

Vi viser også til høyringsbrev og høyringsnotat av 14.3.2014 vedrørende *Forskrift om virkeområdet for distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte*. Forskrifta blei vedtatt av KMD 17.6.2014 og trer i kraft 1.7.2014.

Endringar i distriktpolitisk virkeområde

Ved innføring av nytt virkeområde for distriktsretta investeringsstøtte, blir sone II vidareført som del av det distriktpolitiske virkeområdet og dermed som eit prioritert område for regionalpolitiske virkemiddel. Imidlertid er sone II revidert med omsyn til kva kommunar som inngår i sona, med verknad frå 1.7.2014.

Følgjande sju kommunar som alle frå 1.7.2014 går ut av virkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte, går inn i sone II: Flesberg (Buskerud), Finnøy, Vindafjord (Rogaland), Austevoll (Hordaland), Kristiansund, Aukra og Herøy (Møre og Romsdal).

Som følgje av den faktiske utviklinga i kommunane i sone II, er det også naturleg å justere kva kommuner som skal vere innanfor det distriktpolitiske virkeområdet. KMD har tatt utgangspunkt i distriktsindeksen til den enkelte kommune. Distriktsindeksen er samansett av

eit sett indikatorar som speglar føresetnader for utvikling og den faktiske utviklinga i kommunane, og er særleg knytt til geografi, demografi, arbeidsmarknad og levekår. Dei strukturelle forholda er vekta høytare enn den faktiske utviklinga. Dei kommunane i sone II med sterkast distriktsindeks blir overført til sone I.

Følgjande kommunar går dermed ut av sone II og inn i sone I: Froland, Birkenes og Iveland (Aust-Agder), Forsand (Rogaland), Sveio og Austrheim (Hordaland) og Ulstein (Møre og Romsdal).

Dersom det er spørsmål knytt til endringa i distriktpolitisk virkeområde, ta kontakt med Ingrid Thorsen Norland (tlf. 22 24 70 24). Dersom det er spørsmål knytt til *Forskrift om virkeområdet for distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte*, ta kontakt med Mee Eline Eriksson (tlf. 22 24 68 78).

Med helsing

Gerd Slinning (e.f.)
avdelingsleiar

Ingrid Thorsen Norland
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur

Adresseliste

Oslo fylkeskommune	Rådhuset	0037	OSLO
Akershus fylkeskommune	Postboks 1200 Sentrum	0107	OSLO
Ås kommune	Postboks 195	1431	ÅS
Østfold fylkeskommune	Postboks 220	1702	SARPSBORG
Hedmark fylkeskommune	Postboks 4404 Bedriftssenteret	2325	HAMAR
Oppland fylkeskommune	Postboks 988	2626	LILLEHAMMER
Buskerud fylkeskommune	Postboks 3563	3007	DRAMMEN
Vestfold fylkeskommune	Svend Foyns gate 9	3126	TØNSBERG
Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
Vest-Agder fylkeskommune	Postboks 517 Lundsiden	4605	KRISTIANSAND S
Aust-Agder fylkeskommune	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset, Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Sør-Trøndelag fylkeskommune	Postboks 2350 Sluppen	7004	TRONDHEIM
Nord-Trøndelag fylkeskommune	Seilmakergata 2	7735	STEINKJER
Nordland fylkeskommune	Prinsens gate 100	8048	BODØ
Troms fylkeskommune	Postboks 6600	9296	TROMSØ
Finnmark fylkeskommune	Fylkeshuset	9815	VADSØ